

Gros Blomster trekkjer gåvekort blant kundane.

11.02.2016



Ekstra mykje fint hos Gros Blomster denne helga.

Søndag er det både morsdag og Valentines dag. Begge deler gjev fine anledningar til å glede andre. Ein fin, og mykje brukt måte, er å gjera det med blomster. Derfor vil Gros Blomster ha ekstra godt utval fram mot søndag. Til glede for kundane vil dei også trekkja ut gåvekort til kundar, som gjer blomsterhandelen der fredag og laurdag.

- Vi kjem til å ha ekstra godt utval i dekorasjonar, bukettar og vareutvalet vårt elles denne helga, fortel innehavaren av Gros Blomster, Gro Hjelmeland, til uskedalen.no. Ho legg til at både morsdag og Valentines dag vanlegvis fører til ekstra handel i butikken, og derfor har dei bestemt at dei vil trekkja ut to gåvekort, kvart på 300 kr, blant dei som ringer og bestiller, eller kjem innom butikken fredag og laurdag.

Gro opplyser at opningstida er kl.9 - 18 fredag og kl.9 - 15 på laurdag. Bestillingar kan ringast inn på 53 47 11 00, og dei set stor pris på om ein er tidleg ute sidan det er travle tider.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Mary Ann Teigen